

MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Tysdag 19.02.19 klokka 18.00-20.00

Stad: Biblioteket

Til stades på møte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Oddbjørn Lynghammar,
Dag Sverre Ekkje, Anne Marie G. Rabba

Andre til stades på møte: Harald Normann Andersen, sekretær

Saker til styremøtet

Sak 01/19: Referat og meldingar

Sak 02/19: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018

Sak 03/19: Budsjett for 2019

Sak 04/19: Regulering av prisar for 2019

Sak 05/19: Forvaltningsmodell for Hardangervidda NP og framlegg til ny
modell

Sak 06/19: Fjellstyrehytta i Ulevåbotn – ombygging/modernisering

Sak 07/19: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Sak 08/19: Årets villreinkvote på Hardangervidda

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Oddbjørn Lynghammar/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 01/19 Referat og meldingar

2018.07.30-612.1.Klage frå Tor Helge Haara Tjemsland
2018.07.30-612.1.Svar på klage frå Tor Helge Haara Tjemsland
2018.07.30-613.1.Brev til Nils Åge Sandal vedr. samjakt på småvilt
2018.08.06-433.1.Brukarundersøking i Hardangervidda Nasjonalpark sommaren 2017
2018.08.20-621.2.Kalveteljing 12. juni 2018
2018.08.21-351.1.Høyring-innspel ny E 134 Vågslid-Seljestad Røldal statsallmenning
2018.08.29-001.1.Høyring NOU 2018: 11 Ny fjellov
2018.09.11-001.5.Notat kalveteljing HV 03.07.2018
2018.09.11-001.5.rapport kalveteljing HV 12.06.2018
2018.10.09-001.3.Høyringsuttale NFS 02.10 JB. Ny fjellov
2018.10.18-433.1.Revarding av ruter på Hardangervidda sommaren 2019
2019.01.11-011.3.Utkast til høyringsuttale NFS Ny fjellov pr. 05.12.2018
2019.01.10-001.2.Hardangervidda NP, forvaltningsordning FMHO 01.10.2018
2019.01.31-612.3.Beslutning om supplerande uttak av 55 villreinbukkar for CWD prøvetaking i Nordfjella Sone 2

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar gjekk gjennom meldingane.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 02/19: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018

Saksdokument:

Rekneskap for 2018
Balanse 2018
Årsmelding 2018

Saksutgreiing:

Driftsresultat for 2018 syner eit underskot på kr 2.452,-. men rekneskapen går i pluss med **18.501,-** etter renteinntekter på 20.953,. Budsjettet for 2018 var gjort opp med 41.354,- i minus. Grunna noko høgare inntekter på småviltjakt og villreinjakt vart resultatet nærmare null for 2018.

Framlegg til vedtak:

Ingen



Referat:

Sekretær gjekk gjennom årsmelding og postane i rekneskapen for 2018. Styret var godt nøgd med resultatet. Låge villreinkvotar gjorde sitt til inntektene vart redusert med 1/3 i høve førre året. Eit godt sal av fiske- og småviltkort jamna ut mykje av tapet for redusert villreinkvote.

Vedtak:

Styret godkjenner framlagt rekneskap med atterhald om revisors godkjenning.
Styret godkjenner framlagt årsmelding.

Sak 02/19: Budsjett for 2019**Saksdokument:**

Budsjett for 2019

Saksutgreiing:

Budsjettet er lagt fram med føresetnad om auke i villreinkvote på Hardangervidda frå 1500 løyve i 2018 til 6000-7000 løyve i 2019 samt tilskot til ombygging/modernisering av fjellstyrehytta i Ulevåbotn.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Sekretær gjekk gjennom postane budsjett for 2019. Grunna usikkerheit rundt årets villreinkvote vart inntektene her satt noko lågt.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 04/18: Regulering av prisar for 2019**Saksdokument:**

Ingen



Saksutgreiing:

Fiske:

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga. Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:

Dagskort: 100,-

Vekekort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Røldal FS med på fellesordning saman med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord. Her kostar årskort 1000 og vekekort 500. Prisane på fiskekort vart justert i 2018, og er no komen opp på makspris som Direktoratet har fastsett. Frå og med 2018 har Røldal FS desse prisane: dagskort 100,-, 3 dagarkort 250,-, vekekort: 300,- og årskort 700,-. Prisen på fellesfiskekortet vart og auka i 2018 til 500,- for vekekort og 1000,- for årskort.

Prisane er for fiskekort er no komen opp på makspris som Direktoratet har fastsett fram til 2021 så dei må være uforandra fram til ny makspris vert justert.

Sakshandsamar føreslår prisane vert uforandra for 2019 sesongen:

Dagskort: 100,-

3 dagarskort: 250,-

Vekekort: 350,-

Årskort: 700,-

Same pris for innan- og utanbygds.

Sesongkort for garnfiske innanbygds (gjeld også som sesongkort for stongfiske): 400,-

Villreinjakt:

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr: 6500,-

Simle/Ungdyr: 3400,-

Kalv: 1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr: 3200,-

Simle/Ungdyr: 2000,-

Kalv: 1000,-

Sakshandsamar tilrår at prisane for komande år vert uforandra da det vart gjort ei forsiktig justering førre året. Framlegg til prisar for inneverande år:

Fritt dyr: 3200,-

Simle/Ungdyr: 2000,-

Kalv: 1000,-

Halv pris for innanbygds.



Småviltjakt:

Gjeldande prisrammer for småviltjakt:

Dagskort:	250,-
5-dager kort:	1000,-
Vekeskort:	1400,-
Sesong:	2300,-

Prisane for Røldal SA var for 2018:

Dagskort:	190,-
2-dagers kort:	300,-
3-dagers kort:	400,-
Vekeskort:	600,-
Sesong:	1200,-

Etter to år med freding vart det igjen opna for småviltjakt i Røldal SA hausten 2018. Prisane vart regulert opp frå tidlegare nivå før jaktstart. Prisane bør difor ikkje justerast opp før komande haust, og vert uforandra::

Dagskort	190,-
2-dagarskort	300,-
3-dagarskort	400,-
Vekeskort:	600,-
Sesongkort:	1200,-

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre held på dei same prisane for fiske og småvilt. Prisane for villreinløyve vert fastsett når dei endelege kvotene er klare.

Referat:

Grunna usikkerheit rundt årets villreinkvote på Hardangervidda vedtok styret å utsetje med å ta stilling til prisane for villrein til kvotane er avklart. Elles vart styret samd i å halde fast på fjorårets prisar for fiske og småvilt.

Vedtak:

Prisane på fiske og småvilt vert uforandra. Prisane på villreinkorta vert fastsett når kvotene for villrein er klare.

Samrøystes

Sak 05/19: Forvaltningsmodell for Hardangervidda NP. Framlegg til ny modell

Saksdokument:



Vurdering av dagens forvaltningsmodell for Hardangervidda NP og framlegg til ny modell

Saksutgreiing:

I desember 2009 inviterte Miljøverndepartementet vertskommunane i norske nasjonalparker til å overta forvaltinga av nasjonalparkane ved å opprette interkommunale nasjonalparkstyre. Endringa ville ikkje berre gjere forvaltinga av desse verneområda lokalt styrt, men ville også tilføre forvaltinga vesentleg større økonomiske ressursar.

I dag har alle nasjonalparker i fastlands-Noreg gått inn på denne ordninga, men unntak av Hardangervidda. 5 av dei aktuelle kommunane kring Hardangervidda — Ulvik, Hol, Rollag, Vinje og Tinn — var positive til framlegget frå 2009. Dei andre 4 — Eidfjord, Ullensvang, Odda og Nore og Uvdal — var i varierende grad kritiske. Alle kommunane var godt nøgde med den forvaltningsordninga ein hadde for Hardangervidda, og kunne ikkje sjå at den standard forvaltningsmodellen som departementet ville innføre var betre. Dei kritiske kommunane meinte at modellen var for ambisiøs for eit område som Hardangervidda, og dei kunne i alle fall ikkje gå inn for framlegget utan ei spesifikk utgreiing.

Ordførarutvalet for Hardangervidda oppmoda i 2015 fylkesmennene om å evaluere den eksisterande ordninga. Denne rapporten presenterer resultata frå denne evalueringa. Fylkesmennene har også fått i oppdrag av Klima- og miljødepartementet om å vurdere om det er grunnlag for å gå over til same forvaltningsmodell som andre norske nasjonalparker no

Evalueringa konkluderer med at dagens forvaltningsmodell fungerer, dersom ein utelukkande vurderer korleis søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta vert handterte. Arbeidsdelinga mellom tilsynsutval og fylkesmenn fungerer også bra sjølv om regimet kan vere vanskeleg å få oversyn over for utanforståande, samhandlinga er god og forvaltingsinstansane utfyller kvarandre. Det er visse regionale skilnader i praktiseringa av regelverket, men desse er i stor grad forårsaka av ulik historisk bruk og eigedomsstruktur. Det er like fullt eit faktum at forvaltinga av denne nasjonalparken er prega av fragmentering og stor mangel på kapasitet, som igjen har si årsak i avgrensa økonomiske ressursar. Hardangervidda kan bli tilført auka økonomiske ressursar frå staten på nivå med andre nasjonalparker, men då er det ein føresetnad at standard forvaltningsmodell vert innført også her.

Rapporten konkluderer såleis med ei tilråding om at standard forvaltningsmodell for norske nasjonalparker vert den framtidige forvaltningsmodellen også for Hardangervidda. Det inneberer mellom anna at fylkesmennene trer til sides i forvaltinga, og tilsynsutvala vert oppløyste. I staden får ein eit nasjonalparkstyre med ein representant frå kvar vertskommune, og tilsvarende ein representant frå kvar fylkeskommune. Det kan bli aktuelt å ta med ein representant kvar frå Hardangervidda grunneigarsamskipnad og Fjellstyra for Hardangervidda, slik at eigarar og brukarar vert direkte representerte, men i utgangspunktet rår fylkesmennene til at dette vert eit reint politisk styre. Fylkesmennene rår til at det vert oppretta eit sekretariat med minst tre statleg tilsette nasjonalparkforvaltarar — ein i kvart fylke — og at det dessutan vert etablert rådgjevande utval i kvart fylke, mellom anna for å sikre at forvaltingsapparatet har god tilgang på lokal kunnskap.

Ordninga kan berre innførast om vertskommunane gir tilslutning til framlegget.

Rapporten vart lagt fram for ordførarutvalet på møte på Skinnarbu 10. januar 2019 og er eit grunnlag for vidare diskusjon om forvaltningsmodellen.

Rapporten er ikkje sendt ut på høyring så det er ikkje lagt opp til at Røldal fjellstyre no skal gje uttale i høve denne rapporten. Det er likevel viktig at fjellstyre er kjend med rapporten, og at Fylkesmennene i Buskerud, Telemark og Hordaland arbeider med å få til ein forvaltningsmodell for Hardangervidda NP på lik linje med dei andre nasjonalparkane i Noreg.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar informerte om prosessen som er i gang med å få til ein ny forvaltningsmodell på Hardangervidda, der ein legg ned tilsynsutvala i Buskerud, Telemark og Hordaland. Desse vert erstatta med eit nasjonalparkstyre med ein nasjonalparkforvaltar i kvart fylke. Det vart ein del spekulasjonar blant styret sine medlemmer korleis dette vil fungere i høve dagens ordning. Det vart påpeika frå leiar at Hardangervidda er den einaste nasjonalparken i Noreg som ikkje har denne forvaltningsmodellen, og at det no er på tide at Hardangervidda fyljer etter. For å få dette til er ein avhengig av at alle vertskommunane gjev si oppslutning til framlegget.

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande.

Sak 06/19: Fjellstyrehytta i Ulevåbotn – ombygging/modernisering

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Leigekontrakten for Ulevåbotn som Røldal fjellstyre hadde med Nils Åge Sandal gjekk ut ved nyttår. Ulevåbotn vart omregulert til fjellstyrehytte i samband med det arbeidet som vart gjort i høve martikkelføring av husvære til fjellstyret.

Leiar i fjellstyre har sendt førespurnad til Statskog i høve opplysningar om det er nokon form for vernestatus for bygningane i Ulevåbotn. Det er og etterspurd om det finns teikningar eller anna informasjon som vil nære naudsynt å legge ved ein søknad til kommunen i samband med ombygging/modernisering frå dagens standard.

Leiar vil informere styret om status pr. dd.



Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar har i lengre tid etterspurd papir og anna informasjon frå Statskog som omhandlar Fjellstyrehytta i Ulevåbotn. Dette fekk han oversendt rett før møtet skulle starte. Leiar informerte og viste til utvisningsforetning. Det vart lagt fram bilete og teikningar av hytta. Pr. i dag er hytta regulert som stølshus, og det må søkjast om bruksendring frå støl til fjellstyrehytte. Oddbjørn og Dag Sverre var oppteken at ein skulle ta vare på den gamle tømra, og integrere denne i den nye hytta. Før ein kan gjere tiltak må kommunen kontaktast.

Det var einigheit i styret om at hytta i Ulevåbotn har eit stort potensiale m.t.p. utleige via Inatur da den har lett tilkomst sommar som vinter. Hytta og området rundt kan og nyttast i tiltak for å rekruttere nye lokale jegerar og fiskarar.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte da det er ein del som må avklarast før tiltak kan iverksettast. Samrøystes.

Sak 07/19: Orientering frå sekretær, aktuelle saker**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

- Status på hyttene (ved, gass, brannvern, utførd arbeid)
- Ny fjellov (status etter samling på Værnes)

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Dagleg gjekk gjennom status på fjellstyrehyttene, og kva arbeid som er utførd til no i vinter. Det vart kommentert at det mangla ein del utstyr på Ninive, og at det var viktig at dette kom på plass (bøtter, vaskefiller, oppvaskkluter og oppvaskhandkle).

Det vart og orientert om status for høyringsuttale til «Ny fjellov» som NFS v/ Jan Borgnes arbeider med. « Ny fjellov» har vore ute på høyring og dei aller fleste fjellstyre har slutta opp om høyringsframlegget som NFS utarbeida.



Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Sak 08/19: Årets villreinkvote på Hardangervidda**Saksdokument:**

Ingen.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar informerte frå møtet i Hardangervidda Villreinutval som 14. februar. Tema var årets villreinkvote der Mattilsynet og Veterinærinstituttet har bestemt at det skal takast ut 1400 bukk komande år og 1400 neste år. Dette for å slå fast at det med 90 % sikkerheit ikkje er CWD-infisert rein på Hardangervidda. Det vart og signalisert at det var ynskje om ei kvote på 7000 løyve, berre bukk.

Tysdag 26. februar har Hardangervidda Villreinutval invitert til drøftingsmøte i høve villreinkvote for Hardangervidda 2019. Møte vert på Hardangertun, Kinsarvik kl. 18.00. Røldal fjellstyre vil stille med representant/representantar på dette møte.

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Møte slutt kl. 20.00





MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 25.03.19 klokka 16.30-18.30
Stad: Biblioteket

Til stades på møte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Oddbjørn Lynghammar,
Dag Sverre Ekkje, Anne Marie G. Rabba

Andre til stades på møte: Harald Normann Andersen, sekretær

Saker til styremøtet

Sak 09/19: Referat og meldingar

Sak 10/19: Samjaktavtaler – villreinjakta 2019

Sak 11/19: Høyringsuttale – kvote villrein 2019 - Hardangervidda villreinområde

Sak 12/19: Mobilapp for kjøp og sal av fiskekort

Sak 13/19: Ulevåbotn - fjellstyrehytta

Sak 14/19: Prøvefiskerapporten, Øvre- og Nedre Hellevatn

Sak 15/19: Ny hytte ved Holmavassreet - infosak

Sak 16/19: Medlem i Setesdal / Ryfylke villreinlag

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Oddbjørn Lynghammar/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Sak 09/19 Referat og meldingar

2019.02.26-652.0.Prøvefiskerapporten, Øvre- og Nedre Hellevatn
2019.02.28-612.1.Samjaktavtale – Helleik Rabbe
2019.02.28-612.4.Løyve til merking av villrein 2019
2019.02.28-69. Salskanal for sal av fiskekort. Mobilapplikasjon for kjøp og sal av fiskekort
2019.03.03-612.1.Brev frå Ola-Petter Tokheim – Fordeling av villreinløyve på valet Åsen i
Valldalen
2019.03.07-612.1.Svar på brev frå Ola-Petter Tokheim
2019.03.08-612.1.Invitasjon til vårmøte i Hardangervidda Villreinutval
2019.03.08-612.1.Høyring villreinkvote – Hardangervidda villreinområde 2019
2019.03.11-362.0.Ny hytte Holmavassreet – Helleik Rabbe
2019.03.13-012.1.Møtebok Øvre Numedal fjellstyre
2019.03.17-612.1.Lesarinnlegg – Hardangervidda og CWD
2019.03.19-36 .Brev med vedlegg til odda kommune, Ulevåbotn
2019.03.21-612.1.Høyringsvar til villreinkvote på Hardangervidda villreinområde 2019 frå HA
HA 280, Røldal fjellstyre
2019.03.21-612.1.Samjakt 2019, framlegg til styremøte 25.03.19 – HA 300

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar gjekk gjennom meldingane.

Vedtak:

Det vart påpeika at innkalling til styremøte må leggjast ut på heimesida i forkant av møte. Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 10/19 Samjaktavtaler villreinjakta 2019

Saksdokument:

Skriv frå HA 290 v/ Helleik Rabbe

Saksutgreiing:

Det er søkt om samjakt med Røldal Statsallmenning frå HA 290 og HA 300. Ei samjaktavtale vil vera ei privatrettsleg avtale mellom fjellstyret og dei som får ei slik avtale.



Det er pr. i dag ikkje fastsett kvotar eller type kort som skal tildelast for jakta 2019. Det ein veit er at det vil verta berre reine bukkkort (vaksen bukk over 2,5 år) eller kort på fritt dyr. Same kva type kort som vert tildela vil kvota bli høg, framlegget er 7000 dyr.

I og med at alle jegerar skal jakta same kategori dyr og ein kjenner tilhøva med bukk i Haukeliområdet og at bukk frå Koll/Reinsnos/Tyssedalsfjellet i stor grad passerer Holmevassreet (om dyra i det heile kjem so langt) ila dei to tre fyrste dagane vil det i desse områda bli mange jegerar.

Fjellstyre veit heller ikkje om det vert opna grenser mellom statsallmenningane på eit tidspunkt i jakta slik at dei som har HA-280 kort kan jakta andre stader. Det er og sendt førespurnad til Vinje om ei avtale med dei mot at dei kan overta nokre av dei korta vi elles kan selje til utanbygdsbuande.

For fjellstyre må det i år vega tungt at dei fjellstyret sel kort til får fyrsteretten til å jakta på Statsallmenninga i og med alle får same type kort. Utanbygdsbuande må betala dobbel pris for korta.

Fjellstyre må og på same vis som andre og opna for samjakt med valda som har søkt om dette med dei restriksjonar fjellstyret set i ei avtale.

Framlegg til vedtak:

Alle som har kort på HA-280 kan ta med private kort frå HA-290 og HA-300 frå fyrste dag og nytta desse på heile Røldal Statsallmenning under heile jakta. Dette vil ikkje føra til fleire jegerar i dei allereie nemnde områda der samlinga av jegerar blir stor.

Fjellstyre opnar for bruk av alle kort frå HA-290 og HA-300 på Røldal Statsallmenning etter dagar, då inn til turistvegen frå der den kryssar fylkesgrensa med Telemark til dagens kommunegrense mot Ullensvang.

Dersom andre fjellstyre opnar grensene for andre med kort utskrive av fjellstyra frå ein dato, vil og Røldal fjellstyre opna for bruk av private kort frå HA-290 og HA 300 på heile Røldal Statsallmenning. Kort frå HA-290 og HA-300 kan ikkje nyttast i dei avtaler Røldal Fjellstyre gjer med andre vald.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte då ein har oversikt over kvote og type dyr som skal fellast. Samrøystes.



Sak 11/19: Høyringsuttale – kvote villrein 2019 – Hardangervidda villreinområde

Saksdokument:

Høyringsskriv til villreinkvote Hardangervidda villreinområde 2019

Saksutgreiing:

Hardangervidda har pr. i dag ei frisk villreinstamme. Det vert difor feil å seie at stamme skal «friskmeldast» jfr. Mattilsynet sitt krav til innsamling av CWD prøvar. Røldal fjellstyre meiner det vert feil å setje ei kvote på 7000 dyr og berre vaksen bukk med eit mål om å ta ut 1800 bukk under jakta 2019. det er fleire negative moment i dette som i sum vil kunne gje negative verknader for stamme i mange år framover.

Hardangervidda må ha fleire år for å koma fram til den «sikkerheit» Mattilsynet krev. Det er ikkje nok med 2 år for å ta ut så mange bukkar at ein med 90 % sikkerheit kan seie at det ikkje er CWD på Hardangervidda. For å nå 100 % sikkerheit treng ein enda fleire år. Tal vaksen bukk i bestanden vil verta særst låg, og den vert enda verre å ta ut av flokkane i tida framover. Erfaring seie at den «gøymer» seg i flokken.

At tilhøva vert lagt til rette for å auke avskytinga vil og vera eit argument for ei lågare kvote. At ein skal lukkast med dette fullt og heilt fyrste året er ikkje lett, men jegerane vil sjå nytta atter kvart og dette vil fungere betre frå år til år.

Det viktigaste er å sende signal til overordna myndigheit om at lokal forvaltning ynskjer å gjere det ein kan for å oppnå best mogleg resultat.

Der er stor skilnad i topografien på Hardangervidda, noko som avgjer om det er lett eller vanskeleg å koma seg inn til dei områda der reinen er når den kjem vestover.. For dei fleste jegerane på sørvest- og vestvidda er kostbar helikoptertransport den einaste moglege måten for å få kjøt heim. Med berre vaksen bukk i kvota vil moglegheita for å felle ein vaksen bukk vere vanskeleg nok om det er stor kvote og mange jegerar i fjellet.

Røldal fjellstyre meiner at kvota må bestå av frie løyve og ikkje «vaksen bukk» for å unngå at ein jeger ikkje skal verta teken for å gjere noko gale der konsekvensen er straff om ein skyt eit anna dyr enn vaksen bukk. Om det skulle verta felt ungdyr eller simler så vil ikkje dette utgjere eit stort tal at det vil ha verknad på stamma på sikt.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre ynskjer at kvota vert sett til 5000 dyr eller mindre og at det vert skrive ut kort på frie dyr. Samstundes har Røldal fjellstyre oppmoda alle fjellstyre på Hardangervidda om å opna grensene for jakt frå t.d. 1. september (ved tidlegare jaktstart) for jegerar med fellingsløyve gjeven av desse fjellstyre.

Vedtak:

Samrøystes



Sak 12/18: Mobilapp for kjøp og sal av fiskekort

Saksdokument:

E-post frå Perfish

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre har fått tilbod om ta i bruk ein app frå Perfish for kjøp og sal av fiskekort. Pr. i dag nyttar fjellstyre Inatur som salskanal for fiskekort, noko som fungerer særst godt.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre er nøgd med å bruke Inatur som salskanal for fiskekort, og ynskjer difor ikkje å ta i bruk Perfish sin app for kjøp og sal av fiskekort. Dagleg leiar informerer Perfish om dette.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 13/19: Ulevå - fjellstyrehytta

Saksdokument:

Brev med vedlegg til Odda kommune - Ulevåbotn

Saksutgreiing:

Leiar har sendt førespurnad til Odda kommune om det finns restriksjonar i høve vern som kan hindre ombygging av eksisterande bygg eller riving før ny hytte setjast opp. Det vert og stilla spørsmål om fjellstyre må søkje om bruksendring på hytta sida det føreligg ei godkjenning frå Statskog i høve omdisponering frå støl til fjellstyrehytte. Det vert og opplyst i brevet at stølen/hytta skal registrerast som eit punktfeste, og at ein ber om at dette skjer ved kontorforretning i det stølen/hytta sin posisjon er kjend og ikkje vert flytta.

Røldal fjellstyre ber og å få opplyst utgifter som må påreknast med eit punktfeste og andre utgifter som vil koma i.f.m. søknads- og byggeprosess.

Leiar vil informere om prosessen vidare.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Informasjon frå leiar vart tatt til vitande



Sak 14/19: Prøvefiskerapport 2018, Øvre- og Nedre Hellevatn

Saksdokument:

Prøvefiskerapport 2018

Saksutgreiing:

Prøvefisket vart gjort i dagane 1.-3. august 2018, av Morten Nilsen, Tor Helge Tjemsland og Tor Ingve Skavlid. Base var Eriksbu. Motorbåt i Nedre Hellevatn letta arbeidet.

Det vart nytta serie(r) med 8 garn. 14-18-20-22-24-26-30 og 39 omfar. (45-35-31-29-26-24-21-16mm). Garn vart sett på ulike djupner, men fortrinnsvis nær land.

Lengd og vekt vart registrert, og skjellprøvar tekne av all fisken. Otolittane synte seg vanskelege å få tak i, grunna dårleg teknikk hjå «konsulenten». Mageinnhaldet vart grov-analysert på ca. 25 fisk i kvart vatn. Vi såg òg på gyttestadium.

Moderne prøvefiske vert no oftast gjort med spesialgarn («nordisk») kor ulike omfar er felt inn i same garn. Nøyaktig aldersbestemming krev otolittar. Skjell er langt meir usikkert. Ofte vil skjellavlesing underestimera alderen. Eg har difor konsekvent sett høgaste alternativ når eg har vore i tvil om tal årringar på skjella.

Konklusjon og diskusjon:

I fylje rapportskrivar er desse to vatna er ikkje gode å bli klok på! Her er mykje fisk, av moderat storleik og brukbar kvalitet. Truleg er her ein og annan fisk over halv kiloet i nedra vatnet, men i eit såpass stort vatn er dette å forventa. Dersom vatna er overfolka, skulle ein sjå ein negativ tendens i K-faktor hjå større (eldre) fisk, men dette syner ikkje vårt materiale. Fisken er heller ikkje mager, med K-faktor rundt 0,9 – 1,1. Veksten er moderat, med typisk 3-4 cm pr. år. Ein ser av skjellprøvane at veksten er lågare hjå eldre fisk, best rundt 3-4 års alder. Mange individ er kjønnsmodne før dei når 20 cm, men vi fekk og ein og annan gjeldfisk rundt 300g. Tidleg kjønnsmodning er ikkje eit godt teikn, men gjerne ei tilpassing til svak vekst. Lite vits i å prøva å bli større om her er begrensa med mat. Betre då å sikre i det minste nokre avkom!

Eg vil tru at grunnen til at fisken berre unntaksvis når 300g er ein kombinasjon av moderate produksjonsvilkår, og konkurranse frå yngre fisk om næring, i båe vatna. Selektiv beskatning av fisken ved denne storleiken (20 omfar?) trur eg berre er ein liten del av forklaringa.

59 fisk på 8 garn i øvra vatnet gjev inntrykk av større tettleik enn 70 fisk på 16 garn i nedra. Men dette kan lika gjerne skuldast vèret, som var langt gunstigare for garnfiske den natta vi fiska i øvre. Eg tippar på at bestandane er ganske like med omsyn til tettleik, vekst og kvalitet.

Tradisjonelt har ein tenkt at ein må la fisken få vaksa seg stor før ein beskattar han. Dette har vore gjort med omfarsbegrensing. Problemet med dette er at småfisken ikkje vert beskatta anna enn som ein og annan maskebitar. Når det kjem store årsklassar kan det fort bli stor konkurranse om maten. Dersom fisken i tillegg vert kjønnsmoden før han når ønskt storleik, kan vi få ein bestand der berre få individ står i tillete omfar. Fisk som ikkje veks stort, og gjerne produserer rogn/melke, legg likevel beslag på mykje næring. Brukar ein for grove omfar vil uttaket fort bli lågare enn produksjonen, noko som går ut over vekst og kvalitet.



I fjellvatn er vassstemperaturen om sommaren ein begrensande faktor for rekrutteringa. Prof. Borgstrøm (NMB) har gjennom mange års forskning funne at nyklekt yngel går til grunne om han ikkje veks nok første sommaren. Brukbar vassstemperatur over sesongen er her heilt avgjerande. Vi må forvente at 2018 gjev høg rekruttering i aurebestandane på Hardanger-vidda. Truleg vil ikkje svak rekruttering utgjere noko problem for bestandane i Hellevatna.

Truleg er uttaket av fisk i Hellevatna for lite i høve til produksjonen, noko som bremsar veksten hjå større fisk. I øvre Hellevatn vil eit uttak på kring 100 kg/år truleg vera nok for å betre storleik og kvalitet. I nedra vatnet krevst det eit lang større uttak, truleg +400 kg/år før ein ser forbetringar.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Styret meinte at ein kanskje skulle sette i verk nokre av tiltaka som vert foreslått i rapporten.

Døme på tiltak:

- fritt fiske (fiske heile året, ingen begrensing på tal garn eller maskevidde)
- møte med brukarane av vatna for å drøfte eventuelle tiltak
- uttak av yngel/småfisk med elektrofiske. Denne fisken kan nyttast i andre vatn.

Vedtak:

Røldal fjellstyre inviterer brukarane av vatna til møte for å diskutere eventuelle tiltak. Morten Nilsen vert og invitert.

Samrøystes

Sak 15/19: Ny hytte ved Holmavassreet

Saksdokument:

Utfylt nabovarsel

Planteikningar

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre fekk e-post 11.03.19 informasjon om ny hytte ved Holmavassreet frå Statskog v/ Kristin Midtmageli. Søknaden gjeld utanfor statsallmenningen. Nabovarsel vert difor berre sendt som informasjon.

Framlegg til vedtak:

Ingen



Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Sak 16/19: Medlem i Setesdal / Ryfylke villreinlag**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Leiar har fått førespurnad om Røldal fjellstyre vil verta medlem i Setesdal / Ryfylke villreinlag. Det vart og sendt invitasjon til årsmøte i laget som skulle være på Sølv garden Hotell og Feriesenter, Rysstad.

Leiar informerte om ny bestandsplan 2019 -2023. Røldal statsallmenning har om lag 59800 daa i nemnde område. Fordelen med å verta ein del av laget er at fjellstyre kan inngå samjaktavtaler med andre vald i laget.

Framlegg til vedtak:

Leiar lagar ei sak til neste møte i høve innmelding eller ei.

Vedtak:

Samrøystes

Møte slutt kl. 18.30





MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 20.05.19 klokka 18.00-21.00
Stad: Biblioteket

Til stades på møte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Oddvar Småbrekke, Dag Sverre Ekkje, Randi Legård, Ellen Drangevåg (sak 24/19)

Andre til stades på møte: Harald Normann Andersen, sekretær

Saker til styremøtet

Sak 17/19: Referat og meldingar

Sak 18/19: Ordningar ifbm. villreinjakta 2019

Sak 19/19: Høyring for jakttid for villrein på Hardangervidda 2019

Sak 20/19: Endring av fisketid/fiskereglar for Øvre- og Nedre Hellevatn jfr. rapport frå Morten Nilsen

Sak 21/19: Arbeid på Eriksbu

Sak 22/19: Klage på dispensasjon frå hjortviltsforskrifta og kvotevedtak for Hardangervidda villreinområde 2019 (infosak)

Sak 23/19: Søknad frå Røldal skyttarlag -sponsing av vandrepokal

Sak 24/19: Samjaktavtaler – villreinjakta 2019

Sak 25/19: Påbygg av Røldal Grendahus

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Ellen Drangevåg/s/

Oddvar Småbrekke/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Protokolltilførsel:

Dag Sverre Ekkje sa i forkant av møte om at dersom vedtaket i sak 24/19 om Samjakt vart som framlagt ynskte han at dei to innkomne søknadene om samjakt vart behandla kvar for seg.

Dag Sverre Ekkje ynskte at Røldal fjellstyre skulle gje høyringsuttale til rulleringa i Regional plan for Hardangervidda til det som går på Valldalen og arealbruken der (omdefinere heile eller delar av Valldalen frå nasjonalt villreinområde til stølsdal og anna utmark)

Sak 17/19 Referat og meldingar

2019.03.27-612.1.Skrantesjuke og prøvetaking på Hardangervidda 2019

2019.04.23-612.1.Kvotevedtak Hardangervidda villreinnemnd 2019

2019.04.26.622 .Vedr. grunneiers tillatelse til utplassering av 5 nye foringsautomater innenfor Eidfjord og Røldal statsallmenninger på Hardangervidda

2019.04.28-612.1.Avgjørelse av søknad om dispensasjon frå hjorteviltforskriften § 29
- villreinjakt Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020

2019.04.30-612.1.Høring på endring av jakttid for villrein i Nordfjella -og Hardangervidda
Villreinområde i 2019 og 2020

2019.04.30-612.1.Høringsnotat – forslag til forskrift om endring av jakttid for villrein i Nordfjella-
og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020

2019.05.09-612.1.Klage på disp. frå hjorteviltforskrifta og kvotevedtak for Hardangerviddaområde
2019

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar gjekk gjennom meldingane.

Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande

Sak 18/19 Ordningar ifbm. villreinjakta 2019**Saksdokument:**

Ingen



Saksutgreiing:

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet støttar Hardangervidda villreinutval si kvoteanbefaling for 2019, og vedtek ei kvote i Hardangervidda villreinområde på 6000 dyr, tildelt som reine bukkkort « bukk 2,5 år og eldre ». Villreinnemnda vil likevel peike på at dette er ei utenkeleg kvote i ein normalsituasjon der bestandsforvaltning skal ligge til grunn. Men i frykt for at Mattilsynet skal ta i bruk vinterjakt for å få inn nok CWD-prøver, så finn Villreinnemnda det rett å støtte kvoteframlegget frå Villreinutvalet.

Odda fjellstyre og Røldal fjellstyre har i brev datert 10.05.19 sendt inn klage til Miljødirektoratet på dispensasjon frå hjorteviltforskrifta og kvotevedtak for Hardangervidda villreinområde 2019.

Uavhengig av endeleg kvotevedtak må Røldal fjellstyre ta stilling til fyljande før trekking:

- Tal kort pr. jeger ut i frå kvote
- Tal jegerar totalt på Røldal statsallmenning
- Moglegheit for å ta ut eit løyve for ektefelle/sambuar
- Moglegheit for å kjøpe fleire kort for ein lågare pris
- Handtering av jegerar over 70 år, jegerar med handicap og studentar.
- Event. andre ordningar

Framlegg til vedtak:

- Om kvota vert 6000 bukkeløyve som framlegg frå Hardangervidda villreinutval og Hardangervidda villreinnemnd er vert det gjeve tilbod til totalt 90 jegerar på Røldal Statsallmenning. Om Røldal- og Odda fjellstyre får medhald i klaga på kvotestorleik og kategori dyr må tal jegerar på Røldal statsallmenning handsamast på nytt.
- Innanbygdsjegerar får tilbod om å kjøpe 1, 2 eller 3 bukkkort ved ei kvote på 6000 bukk.
- Dersom det vert tilbod om kort for utanbygdsjegerar får desse tilbod om 2 bukkkort.
- Innanbygdsjegerar får tilbod om å kjøpe kort på både nord og syd i Røldal statsallmenning.
- Ordninga om moglegheit for å ta ut eit løyve for ektefelle/sambuar, samt handtering av jegerar over 70 år, jegerar med handicap og studentar vert vidareført.
- Fastsetjing av pris for løyve vert utsett når endeleg kvote er fastsett.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 19/19 Høyring for jakttid på Hardangervidda villreinområde 2019**Saksdokument:**

- Høringsnotat – forslag til forskrift om endring av jakttid for villrein i Nordfjella- og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020
- Høring på endring av jakttid for villrein i Nordfjella- og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020



Saksutgreiing:

Hardangervidda villreinutval og Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet har søkt om endring av startdato og sluttdato for jakt for voksen bukk i Hardangervidda villreinområde hausten 2019. Hardangervidda villreinutval har i sitt kvoteframlegg til jakta 2019 lagt til rette for ei kvote som kan bidra til å nå måla om friskmelding raskast mogleg. I dette ligg det m.a. eit ynsjke om rein bukkejakt, da voksen bukk har stor prøvetakingsverdi i skrantesjukesamenheng. For å unngå felling av brunstige bukkar som ikkje vert nytta som mat, ynskjer villreinutvalet at det ikkje skal fellast dyr i brunsttida. Dei ynskjer difor å stoppe jakta 22. september i staden for 30. september som er ordinær sluttdato. For å halde på den effektive jakttida, ynskjer dei å starte bukkejakta 10. august.

Hardangervidda villreinnemnd har og søkt om jaktstart 10. august med jaktslutt 22. september.

Miljødirektoratet har vurdert søknaden og sender med dette framlegg til forskrift om endring av jakttider i Hardangervidda villreinområde og i Nordfjella villreinområde på høyring.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre støtter forslaget om endring av jakttider i 2019 og 2020 for å øke sannsynligheten for en høyere avskyting av voksen bukk og for å hindre felling av bukk i brunst etter 22. september på Hardangervidda.

Røldal Fjellstyre har klaget på Miljødirektoratets dispensasjon fra hjorteviltforkriften § 29 jfr. § 37 for tildeling av fellingstillatelser kun for voksen bukk og på Hardangervidda villreinnemnd sitt kvotevedtak. Vår klage vil ikke ha innvirkning i forhold til endret jakttid. Det vil i hovedsak bli felt voksen bukk på "fritt dyr" kort, slik at en tidligere jaktstart vil være en fordel for å kunne oppnå best mulig felling.

I tillegg til at det ikke skytes bukk i brunst etter 22. september vil også muligheten til å felle kun simler og/eller ungdyr etter denne dato falle bort ved tidligere jaktslutt ved bruk av "fritt dyr" kort. Tidligere jaktslutt vil i en situasjon med stor avskyting av voksen bukk også gi reinen en lengre og roligere periode i starten av og gjennom brunstperioden. Dette kan i en slik situasjon ha en positiv innvirkning på kalvingsperioden våren 2020 og 2021.

Røldal Fjellstyre ser problematikken med at det i perioden for tidligere jaktstart fra 10. august vil være mer folk i fjellet enn når jakta tar til 20. august. Av erfaring skjer det meste av jakta i områder hvor det ikke er "turister" i den aktuelle perioden. For øvrig gjelder jegerens ansvar i forhold til sikker jaktutøvelse dersom det er dyr i et område nær ferdselsveier.

Røldal Fjellstyre støtter Miljødirektoratets forslag til endring av jakttider, men med bakgrunn i tidligere nevnte klage på dispensasjon og kvotevedtak mener vi at ordlyden i forskriften endres til:
"Jakttid endres fra 20. august – 30. september til 10. august – 22. september for Hardangervidda villreinområde....."

Endring i ordlyd gjelder hele forskriften om endret jakttid i Hardangervidda Villreinområde hvor det i forslaget står "Jakttid på villreinbukk.....".



Vedtak:

Samrøystes

Sak 20/19 Endring av fisketid/fiskereglar i Øvre – og Nedre Hellevatn**Saksdokument:**

Prøvefiskerapport 2018

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre gjekk på førre møte gjennom fiskerapporten frå Øvre- og Nedre Hellevatn som er utarbeidd av Morten Nilsen.

Det vart vedteke at ein kanskje burde sette i verk nokre av tiltaka som vart foreslått i rapporten.

Døme på tiltak som vart diskutert var:

- fritt fiske (fiske heile året, ingen begrensing på tal garn eller maskevidde)
- møte med brukarane av vatna for å drøfte eventuelle tiltak
- uttak av yngel/småfisk med elektrofiske. Denne fisken kan nyttast i andre vatn.

Fjellstyre vedtok at brukarane av vatna vart invitert til neste møte for å diskutere eventuelle tiltak. Forfattar av fiskerapporten Morten Nilsen vert og invitert.

Framlegg til vedtak:

- Alle som har løyst garnkort kan fiske med fritt tal garn.
- Det er ingen restriksjonar på maskevidde på garna som nyttast.
- Fisketida vert uforandra
- Småbeinte garn som heng i Eriksbu vert fordelt på Eriksbu og Gamlebua. Fiskerane vert oppmoda til å nytte desse.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 21/19 Arbeid på Eriksbu**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Det er ein del arbeid som må gjerast på og ved Eriksbu.

- Tøming av toalett



- Klargjering av båtopplag
- Generelt vedlikehald

Fjellstyre må ta stilling til kven som gjer kva, dugnadsarbeid event. innleigd arbeid frå Hardangervidda Fjelloppsyn.

Framlegg til vedtak:

Framlegg frå leiar at fjellstyre får til ein dugnad i juli månad der ein leiger helikopter for transport av personell og utstyr. Det vert i same flyging gjeve tilbod om frakt av varer og utstyr til jegerar og fiskarar dersom det er plass.

Dugnaden vil bestå i og:

- Montere nytt solcellepanel og regulator
- Tøme toalettet
- Klargjere nytt båtopplag
- Utføre generelt vedlikehald.

Leiar lagar oppslag om planlagt dugnad og sjekker helikoptertransport for arbeidet.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 22/19 Klage på disp. frå hjorteviltforskrifta og kvotevedtak for Hardangervidda villreinområde 2019

Saksdokument:

- Klage på disp. frå hjorteviltforskrifta og kvotevedtak for Hardangervidda villreinområde 2019
- To stk. mail til Mattilsynet
- Fellingsresultat vaksen bukk 1989-2018
- Kronikk, villreinforvaltning på ville veier i forkningens namn

Saksutgreiing:

Fjellstyreleiarane i Røldal fjellstyre og Odda fjellstyre har sendt ein klag med vedlegg til Miljødirektoratet på bakgrunn av dispensasjon frå hjorteviltforskrifta og kvotevedtak for Hardangervidda villreinområde 2019. Leiar vil på møte informere om innhald i klagan.

Framlegg til vedtak:

Leiar orienterte



Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Sak 23/19 Søknad frå Røldal skyttarlag – sponning av vandrepokal**Saksdokument:**

Søknad frå Røldal skyttarlag

Saksutgreiing:

Røldal skyttarlag søker Røldal fjellstyre om dei kan sponse ein vandrepokal til jegarfelt ifbm. oppskyting/trening til storviltprøven.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre ynskjer å bidra med eit tilskot på inntil 3.000,- til ein vandrepokal.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 24/19 Samjaktavtaler villreinjakta 2019**Saksdokument:**

Skriv frå HA 290 v/ Helleik Rabbe

Saksutgreiing:

Saka vart utsett frå førre møte.

Det er søkt om samjakt med Røldal Statsallmenning frå HA 290 og HA 300. Ei samjaktavtale vil vera ei privatrettsleg avtale mellom fjellstyret og dei som får ei slik avtale.

Det er pr. i dag ikkje fastsett kvotar eller type kort som skal tildelast for jakta 2019. Det ein veit er at det vil verta berre reine bukkekort (vaksen bukk over 2,5 år) eller kort på fritt dyr. Same kva type kort som vert tildela vil kvota bli høg, framlegget er 6000 dyr.

I og med at alle jegerar skal jakta same kategori dyr og ein kjenner tilhøva med bukk i Haukeliområdet og at bukk frå Koll/Reinsnos/Tyssedalsfjellet i stor grad passerer Holmevassreet



(om dyra i det heile kjem so langt) ila dei to tre fyrste dagane vil det i desse områda bli mange jegerar.

Fjellstyre veit heller ikkje om det vert opna grenser mellom statsallmenningane på eit tidspunkt i jakta slik at dei som har HA-280 kort kan jakta andre stader. Det er og sendt førespurnad til Vinje om ei avtale med dei mot at dei kan overta nokre av dei korta vi elles kan selje til utanbygdsbuande.

For fjellstyre må det i år vega tungt at dei fjellstyret sel kort til får fyrsteretten til å jakta på Statsallmenninga i og med alle får same type kort. Utanbygdsbuande må betala dobbel pris for korta.

Fjellstyre må og på same vis som andre og opna for samjakt med valda som har søkt om dette med dei restriksjonar fjellstyret set i ei avtale. Etter at innkallinga til møte vart sendt ut har Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning kome med ein invitasjon til samjakt mellom statsallmenningane f.o.m 9. september og ut jakta.

Referat:

3 av styremedlemmen var inhabil i saka og det vart kalla inn vara. Styret var vedtaksføre.

Leiar av fjellstyret hadde i saksførebuinga til styremøte i Røldal Fjellstyre lagt opp til felles behandling av de to søknadene i det begge var tilnærma like i ordlyd, og etter leiar sitt syn kravde lik behandling. Dette var det og lagt opp til i saksforberedelsen og noko som kjem fram i framlegg til vedtak som var med i saksdokumenta.

Eit av medlemmene i fjellstyret ynskte i høve godkjenning av sakliste og innkalling om ein protokolltilførsel der han mente at dei to søknadene måtte behandlast kvar for seg. Medlemmet var inhabil i behandlinga av søknaden frå HA-300, men mente seg habil i forhold til behandlinga av søknaden frå HA-290. Det blei gitt uttrykk for at han ville ta dette opp dersom vedtaket om tilbod om samjakt for HA-290 blei ståande slik forslaget var lagt fram.

I tillegg til framlegg i saka i innkallinga vart det frå varamedlemmet lagt fram eit forslag om at Fjellstyret skulle inngå ei samjaksavtale med HA 290 og HA 300 der ein kunne nytte alle sine fellingsløyve frå fyrste dag utan begrensing.

Det vart stemt over begge alternativa til samjaktavtale.

Framlegg til vedtak:

Alternativ1:



Alle som har kort på HA-280 kan ta med private kort frå HA-290 og HA-300 frå fyrste dag og nytta desse på heile Røldal Statsallmenning under heile jakta. Dette vil ikkje føra til fleire jegerar i dei allereie nemnde områda der samlinga av jegerar blir stor.

Fjellstyre opnar for bruk av alle kort frå HA-290 og HA-300 på Røldal Statsallmenning etter 3 dagar, då inn til turistvegen frå der den kryssar fylkesgrensa med Telemark til dagens kommunegrense mot Ullensvang.

Dersom andre fjellstyre opnar grensene for andre med kort utskrive av fjellstyra frå ein dato, vil og Røldal fjellstyre opna for bruk av private kort frå HA-290 og HA 300 på heile Røldal Statsallmenning. Kort frå HA-290 og HA-300 kan ikkje nyttast i dei avtaler Røldal Fjellstyre gjer med andre vald.

Alternativ 2:

HA 290 og HA 300 og HA 280 inngår ein samjaktavtale der alle kan nytte sine fellingsløyve frå fyrste dag, då inn til turistvegen frå der den kryssar fylkesgrensa med Telemark til dagens kommunegrense mot Ullensvang.

Vedtak:

Alternativ 1 vart vedtatt som framlagt med 2 mot 1 stemme. Det vart og vedtatt at Røldal fjellstyre ynskjer å inngå samjaktavtale med Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning f.o.m. 9. september og ut jakta.

Sak 25/19 Påbygg Røldal Grendahus

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal idrettslag har planar for påbygg på Røldal Grendahus. Det er ynskje om å lage aktivitetssal, styrkerom, klatre/buldrerom, toalett samt andre mindre rom.

Tiltaket har ei forventa totalkostnad på i overkant av 15 mill. kroner.

Røldal fjellstyre er representert i styret i Røldal Grendahus, og må ta stilling til om det skal sendast søknad til Odda kommune om støtte til å arbeide vidare med prosjektet.

Referat:

Styret vart delt i om det burde sendast søknad til Odda kommune, og det kom ulike innspel for og i mot om ein slik søknad skulle sendast. Det er pr.i dag ikkje klart kven som skal drive prosjektet,



og mykje av finansieringa er heller ikkje på plass. Det var fleire som var bekymra for kor stor dei årlege driftskostnadane i framtida ville bli.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre ynskjer at Røldal Grendahus sender søknad til Odda kommune om støtte til å arbeide vidare med påbygg på Grendahuset.

Vedtak:

Vedtaket fall med 2 mot 3 stemmer. Røldal fjellstyre ynskjer ikkje at Røldal Grendahus sender søknad til Odda kommune om støtte til å arbeide vidare med påbygg på Grendahuset. På bakgrunn av vadtak skal Røldal fjellstyre sin representant på det ekstraordinære årsmøte stemme nei til det framlagte forslaget frå Røldal Idrettslag jfr. voteringa 3-2.

Møte slutt kl. 21.00



MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 12.06.19 klokka 16.30-18.15
Stad: Biblioteket

Til stades på møte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Lars Seim, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba

Forfall: Dag Sverre Ekkje

Andre til stades på møte: Harald Normann Andersen, sekretær

Saker til styremøtet

Sak 26/19: Referat og meldingar

Sak 27/19: Høyringsuttale – Regional plan for Hardangervidda 2019-2035

Sak 28/19: Ulevåbotn - framdrift

Sak 29/19: Oppheving av fredingssoner i reinsjakta 2019

Sak 30/19: Rypejakta 2019/2020

Sak 31/19: Røldalsmarknaden 2019

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Lars Seim/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Sak 26/19 Referat og meldingar

2019.05.27-612.1.Høyringsvar – Høyering på endring av jakttid for villrein i Nordfjella Villreinområde og Hardangervidda Villreinområde i 2019 og 2020

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar gjekk gjennom meldinga

Vedtak:

Orienteringa vart tatt til vitande

Sak 27/19 Høyringsuttale – Regional plan for Hardangervidda 2019 - 2035

Saksdokument:

Regional plan for Hardangervidda 2019 – 2035

Plankart – Hardangervidda

Konsekvensutreiing regionalplan Hardangervidda

Saksutgreiing:

Denne saka var opp til handsaming i 2018, sak 08/18. Da var eit samrøystes styre einige om å ikkje gje uttale då Statsallmenningen ikkje har areal innanfor det aktuelle området i Valldalen.

På førre møte 20.05.19 ynskte Dag Sverre Ekkje at Røldal fjellstyre sjølv om allmenningen ikkje er ein del av det aktuelle området i Valldalen måtte koma med uttale til Regional plan. Ekkje meinte ein burde omdefinere heile eller delar av Valldalen frå nasjonalt villreinområde til stølsdal og anna utmark.

Med utgangspunkt i det ein kjenner til når det gjelder villreinen sin bruk av Valldalen så er det mykje som kan dokumenterast gjennom GPS merkeprosjektet og mykje gjennom observasjonar. Det ein og må huske er at Villreinen ikkje kjenner til dei grensene me har laga i høve villreinområda. Frå 2002 - 2007 var det årevis kalving i Middalen og Vivassdalen der dyra tidvis var heilt ned til Valldalsvatnet. Det har kvar vinter dei siste åra vore syd dyr heilt ned til og mot Valldalsvatnet. Dette er dokumentert. På 1980 talet var fleire flokkar med dyr frå Setesdalstamma heilt over mot Løyning og Reinsnos. På slutten av 1960 talet var det på grunn av fleire høve, mykje dyr, vanskelege mattilhøve vinterstid m.v. fleire tusen dyr over i Valldalen og Terjebudalen frå Hardangervidda. Før dette finns fleire avisartiklar frå 1950-og -60 talet som beskriv utveksling



av store mengder dyr mellom Setesdalen og Hardangervidda. Den siste av desse utvekslingane skjedde på 80 talet p.g.a. ising i Setesdalen.

Sjølvsagt om det pr. i dag ikkje er så mykje dyr på vidda har bevegelsesmønsteret endra seg. Årsaker til dette er under utredning. Me kan få nye tilhøve med nedising av beiter på austsida eller i Setesdalsområdet som gjer at dyra må over og ned i dalføra på vestsida av Hardangervidda. Vågslidområdet er allereie øydelagt grunna hytteutbygging og det bør difor være av stor betydning å bevare dei dalføra som er att. Regional plan for Hardangervidda er i fyrste omgang laga for å sikre villreinen sine leveområde, det same er Heiplanen i forhold til Setesdalstamma. Haukeliområdet er eit av fokusområda i høve Villrein, ikkje minst på grunn av all ferdsel som er i området. Kiting og toppturar brer om seg og ferdsel totalt går opp. Dette kan dokumenterast. Dette vil det koma utreiingar om, og det er å håpa at det på litt sikt vil koma reguleringar. I dag er dette vanskeleg grunna friluftslova sin ordlyd.

Det vil i løpet av dei neste 10 årene i alle fall koma tunell under Midtlæger, forhåpentlegvis heile Haukeli. Fjellstyret arbeider med planar om omregulering av Ulevåbotnen til Fjellstyrehytte for på sikt å kunne tilby bygdefolket overnatting i eit forhåpentlegvis godt jaktområde.

Målet må være å sikre villreinen sitt leveområde og for komande generasjonar.

Referat:

Leiar, Torleif Fresvik gjekk gjennom momenta i saksutgreiinga over, og refererte til tidlegare samrøystes vedtak i sak 8/18 om at Røldal fjellstyre ikkje skal gje uttale i denne saka. Fresvik meiner at Røldal Fjellstyre held fast på at Valldalen framleis vert ein del av villreinen sitt leveområde slik det er beskriven i gjeldande plan, d.v.s. heilt ned til Valldalsvatnet og ut til Valldalsdammen.

Røldal Fjellstyre held fast ved vedtak 8/18 i høve til høyring på Regional Plan for Hardangervidda.

Lars Seim ynskte å koma med innspel og kommentarar i saka som referert under:

1. Røldal fjellstyre opphevar vedtak 8/18 i forhold til høyring på Regional plan for Hardangervidda.
2. Seim har fylgjande merknad til rullering av Regional plan for Hardangervidda:

I sak 12/11, punkt 3. vedtok Røldal fjellstyre med 4 stemmer mot 1, at planen burde omdefinere areal som ligg under 1000 m.o.h. utanfor nasjonalparken i Valldalen, Austdalen og Grøndalen til kategori D – stølsområde, då det er tradisjonelle stølsområde som har vore nytta til støling i moderne tid.

Berre stølsområdet Austdalen vart tekje til fylje i endeleg plan. Terjebudalen var ikkje nemnd i vedtak frå 2011.

Seim ynskjer å oppretthalde vedtak om stølsområda Tjørna og Grøndalen og ber om at grensa her vert sett til 1000 m.o.h, d.v.s. sone D- stølsområde opp til denne høgda. Like eins er det med stølsområda i Terjebudalen (langs E-134), der ein og bør leggje grensa til 1000 m.o.h.

For områda frå Valldalsdammen og innover rundt heile Valldalsvatnet meiner Seim at grensa for villreinområde vert sett til 900 m.o.h. Det betyr at alt areal under denne høgda får kategori D – stølssone. Seim meiner då at ein har etterlevd planen sin intensjon og meining om fyrst og fremst ivareta villreinstamma men og leggje til rette for næringsutvikling for dei som skulle vere rettighetshavarar i omtalte område. Seim seier vidare at ei grene på 900 m.o.h. vil vere eit godt kompromiss som er til å leva med og vonaleg skapa mindre konflikter enn ei grense som går heilt ned til vatnet. Då vil alle stølane, hyttene og vegen inn verta liggjande i kategori D- stølssone.

Før ein kunne stemme over dei to framlegga måtte fjellstyre ta stilling til om Håkon Småbrekke er habil i saka. 2 stemte for, 1 i mot og 1 nøytral. Håkon Småbrekke er habil i saka.

Det vart vidare stemt over dei to framlegga frå Torleif Fresvik og Lars Seim

Framlegg til vedtak:

Framlegg frå Seim:

1. Røldal fjellstyre opphevar vedtak 8/18 i forhold til høyring på Regional plan for Hardangervidda.
2. Røldal fjellstyre ynskjer å oppretthalde vedtak om stølsområda Tjørna og Grøndalen og ber om at grensa her vert sett til 1000 m.o.h, d.v.s. sone D- stølsområde opp til denne høgda. Like eins er det med stølsområda i Terjebudalen (langs E-134), der ein og bør leggje grensa til 1000 m.o.h.

For områda frå Valldalsdammen og innover rundt heile Valldalsvatnet meiner Røldal fjellstyre at grensa for villreinområde vert sett til 900 m.o.h. Det betyr at alt areal under denne høgda får kategori D – stølssone.

Vedtak:

1. Røldal fjellstyre opphevar vedtak 8/18 i forhold til høyring på Regional plan for Hardangervidda. *4 mot 1 stemme.*
2. Røldal fjellstyre ynskjer å oppretthalde vedtak om stølsområda Tjørna og Grøndalen og ber om at grensa her vert sett til 1000 m.o.h, d.v.s. sone D- stølsområde opp til denne høgda. Like eins er det med stølsområda i Terjebudalen (langs E-134), der ein og bør leggje grensa til 1000 m.o.h.

For områda frå Valldalsdammen og innover rundt heile Valldalsvatnet meiner Røldal fjellstyre at grensa for villreinområde vert sett til 900 m.o.h. Det betyr at alt areal under denne høgda får kategori D – stølssone. *4 mot 1 stemme.*



Sak 28/19 Ulevåbotn - framdrift

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Saka om Ulevåbotn var sist opp på møte 25.03.19. Leiar sendte brev til odda kommune for å få svar på ein del spørsmål knytt opp mot hytta i Ulevåbotn. Svara frå kommunen var som fyljer:

- Restriksjonar i forhold til vern: Det finns ingen restriksjonar i forhold til vern. Bygningen er ikkje SEFAK-registrert.
- Bruksendring: Ved søknad om ombygging må det og søkjast om bruksendring frå stølshus til hytte. Ved søknad om riving og nybygg må det koma fram i søknaden kva nybygget skal nyttast til.
- Punktfeste og kontorforretning: Registrering av punktfeste kan takast som kontorforretning.

Løyve til ombygging/riving og nybygg krev dispensasjon frå LNF-området i kommuneplanen. Bygget ligg i NVE sine aktsemdsområder for ulike typar ras. Både ved nybygg og ved bruksendring av eksisterande bygg må rasproblematikken avklarast før me kan gjere vedtak. Søknaden skal på høyring til fylkesmann, fylkeskommune og villreinnemnda.

Utgifter:

Dispensasjon frå kommuneplan med høyring: kr 11 700,-. Nybygg inkl. riving kr 15 750. Gebyr for ombygging/bruksendring vil vera avhengig av kva som skal gjerast (avhengig av areal) minimum kr 4 850,-.

Deling av grunneigedom (punktfeste) kr 2 550. Kontorforretning kr 8 300,-. Tinglysing av punktfeste - sjå Kartverket. Pris på rasrapport har me ikkje oversikt over, men den vil fort komma opp i 50-60 000 kr.

Saksgang: Søknad (riving/nybygg eller ombygging og bruksendring) med dispensasjon. Saka vert sendt på høyring frå oss. Etter høyringsfrist vert saka handsama av administrasjonen.

Leiar foreslår at Hardangervidda fjelloppsyn (HF) får jobben med alt som skal ordnast av søknader, endringar og rapportar i forkant av prosjektet før byggestart. Kostnadene vert delvis dekkja av det fjellstyre i dag betalar til HF, men ein må pårekna ytterlegare kostnader, da dette er eit omfattande arbeid. Arbeidet med denne saken (sakshandsaminga) vert dekkja med 50 % refusjon.

Referat:

Seim meinte Røldal fjellstyre burde leggje saka om Ulevåbotn «på is» inntil vidare inntil nytt fjellstyre er vald hausten 2019.



Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre legg saka om Ulevåbotn «på is» inntil nytt fjellstyre er vald hausten 2019.

Vedtak:

Røldal fjellstyre legg mmed 3 mot 2 stemmer saka om Ulevåbotn «på is» inntil nytt fjellstyre er vald hausten 2019.

Sak 29/19 Oppheving av fredingsoner i reinsjakta 2019**Saksdokument: Ingen****Saksutgreiing:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har gjort fyljande vedtak om oppheving av fredingssonene i jakta: « *Fredingssonene blir oppheva frå og med 16.09 kl. 07.00 og ut jakta (22.09), under føresetnad av at Røldal og Eidfjord gjer tilsvarende vedtak om oppheving av fredingssoner. Viss det er store avvik mellom vedtaka i dei tre fjellstyra får leiar og nestleiar fullmakt til å tilpasse vedtak om oppheving av fredingssoner på Ullensvang statsallmenning til vedtaka i Eidfjord fjellstyre og Røldal fjellstyre. Samrøystes vedteke.*»

Om det er aktuelt for Røldal fjellstyre å gjere vedtak om oppheving av fredingssonene i siste del av jakta er det fint om fjellstyre kan gje tilbakemelding til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning når dette vedtaket eventuelt er gjort.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre ynskjer å oppheve fredingssonene på lik linje som Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning, frå 16.09 kl. 07.00 og ut jakta (22.09).

Vedtak:

Samrøystes

Sak 30/19 Rypejakta 2019/2020**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Det er komen inn fleire meldingar om stor aktivitet med mange jegerar i terrenget i Haukeliområdet. Utfordringa er at mange jegerar (kanskje for mange) finn vegen til Røldal statsallmenning når det er fullt i jaktterrenget lenger aust. På naboterrenget i aust vert det berre seld eit lite tal dagskort, medan det i Røldal ikkje finns restriksjonar. På statsallmenningen vert det seld både dagskort, 2-dagars kort, 3-dagars kort, vekeskort og sesongkort. Jakta vert regulert gjennom bag limit (2 rypar pr. dag), men meldingar frå «lovlydige» jegerar tyder på at restriksjon om bag limit ikkje alltid vert fylgt.

Det kan være fleire måtar å regulere jakta på:

- Auke prisane på veker – og sesongkort.
- Kutte ut 2 – og 3 dagars kort.
- Dele jakttida i byrjinga av jakta opp i veker med x tal vekeskort dei 4 fyrste vekene.
- Gje tilbod til om sesongkort innanbygdsjegerar fyrst.
- Redusere kortsal, legge ut x tal sesongkort.
- X tal dagskort etter nyttår, t.d. 5 dagskort pr. veke.

Det vert noko arbeid med å tilpasse dette på salssida til Inatur, men det finns mange moglegheiter. Rauland fjellstyre har 15 vekeskort dei 2 fyrste vekene og 4 sesongkort totalt i heile jaktperioden. Vekeskort kostar 1400,-, medan sesongkort 2300,-. Dette er pris for utanbygdsjegerar.

Referat:

Sakhandsamar gjekk gjennom dei ulike måtane å regulere jakta på, og korleis det vert praktisert i andre fjellstyre på Hardangervidda. Leiar meinte at ein kanskje burde kutte ut 2- og 3 dagars kort for å redusere tal jegerar i terrenget. Sakshadsamar meinte at ein kanskje burde regulere tal jegerar ved å selje berre vekeskort dei fyrste 4 vekene og nokre få sesongkort. Etter dette kan ein t.d. berre tilby x tal dagskort.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til neste møte. Sakshansamar lagar ulike variantar som syner korleis ein kan tilby småviltjaktkort gjennom jaktperioden.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 31/19 Røldalsmarknaden 2019

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:



Laiar har vore i kontakt med Nils Åge Sandal om å låne lavvoen som fjellstyre har nytta tidlegare år. Denne kan me låne men det vert noko arbeid å ta den ned da Nils Åge ynskje å sette den opp på Haukeli før marknaden. Fjellstyre må og være med å sette lavvoen opp at på Haukeli etter marknaden. I år vil Nils Åge sjølv være til stades i lavvoen å selje ost å spekepølse. Reknar med at det tradisjonen tru vert friluftslotteri i år, og da har vel fjellstyre bidrege med premie her. Sveinung og Harald vil represente oppsynet under Røldalsmarknaden.

Referat:

Lavvoen til Nils Åge Sandal er ikkje sett opp på Haukeli. Fjellstyremedlemmene set opp lavvoen på marknadområdet fredag ettermiddag 21. juni, og tek den ned etter marknaden søndag 23. juni. Det var semje om å gje eit bukkekort i premie til Friluftslotteriet.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyremedlemmene set opp lavvoen på marknadområdet fredag ettermiddag 21. juni, og tek den ned etter marknaden søndag 23. juni. Det var semje om å gje eit bukkekort i premie til Friluftslotteriet.

Vedtak:

Samrøystes

MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 12.06.19 klokka 16.30-18.15
Stad: Telefonmøte

Til stades på møte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Dag Sverre Ekkje, Randi Legård, Anne Marie G. Rabba

Forfall:

Andre til stades på møte: Harald Normann Andersen, sekretær

Saker til styremøtet

Sak 32/19: Priser villreinløyve 2019

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Lars Seim/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Sak 32/19 Priser villreinkort 2019

Saksdokument:

Utsendt epost frå leiar Torleif Fresvik

Saksutgreiing:

Saka vart utsett frå tidlegare møte da ein ville sjå utfall av ankesaka vedr. kvotefastsetjing og kategori dyr som skulle fellast. Torleif sende ut epost til styret om framlegg til villreinpriser 2019.

Framlegg til vedtak:

1 stk bukkekort kr. 1.500,-, og 1.000 for dei neste. Utanbygdsjegerar får tilbod om 2 bukkekort for kr. 5.000,-. Prisene for syd vert som i 2018.

Vedtak:

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 09.09.19 klokka 18.00 -19.30
Stad: Biblioteket

Til stades på møte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Dag Sverre Ekkje, Oddbjørn Lynghammar, Oddvar Småbrekke

Forfall: Randi Legård, Anne Marie G. Rabba

Andre til stades på møte: Harald Normann Andersen, sekretær

Saker til styremøtet

- Sak 33/19: Referat og meldingar
- Sak 34/19: Hytta i Ståvassvikje
- Sak 35/19: Hytta på Midtfjellsvollen
- Sak 36/19: Småviltjakt 2019/2020
- Sak 37/19: Oppheving av fredingssona på Røldal Statsallmenning
- Sak 38/19: Oppsett av radiomast ved Middyr
- Sak 39/19: Gratis småviltjakt til fyrstegongsjegerar

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Oddbjørn Lynghammar/s/

Oddvar Småbrekke/s/

Sak 33/19 Referat og meldingar

- 2019.06.12-145.9.Sponsing/tilskot – gevinst til friluftslotteriet på Røldalsmarknaden
- 2019.06.12-612.1.Avgjørelse i klagesak – kvotevedtak for jakt på villrein i Hardangervidda villreinområde 2019
- 2019.08.12-612.1.Innformasjon om endring av jakttider på villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde 2019
- 2019.06.12-612.1.Vedlegg – oppsummering av høyring: forslag om endring av jakttider på villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020
- 2019.06.12-612.1.Avgjørelse i klagesak om dispensasjon frå hjorteviltforskrifta § 29 – Villreinjakt Hardangervidda jaktåret 2019/2020

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Sak 34/19 Hytta i Ståvassvikje

Saksdokument:

E-post frå Svein Myrheim med beskriving av tilstand og eventuelle tiltak på hytta.
Bilete av hytta.

Saksutgreiing:

Håkon Småbrekke fekk i slutten av juni telefon frå leigetakar av hytta i Ståvassvikje om at søylefundamenta har sige ut. Dette byrja allereie i fjor, og har vorte verre i år. Svein Myrheim har vore på synfaring og snakka med leigetakar.

Myrheim si beskriving av hytta:

- Fundamentet på hytta er delt i to der delen mot nord er tørrsteinmur. Resten står på peler. Hytta er om lag delt i to like deler på grunnmur.
- Det er eit inngangsparti på oppsida a hytta som er festa i ein stor stein. Det er opning på 3 cm mellom hytta og inngangsparti. Opninga har oppstått i seinare tid.
- Hjørne på sydvestre side heller 2 cm på 2 meter ned mot vatnet.
- Nokre av pelene som står på stein har byrja å skli av, medan nokre peler står rett på jord.
- Golv på tørrsteinmur har på soverom mot nord fall på 5 cm på 2 meter. Tørrsteinmur midt under hytta sig ut, stein fell ut av muren og er på sig mot vatnet.
- Hytta er elles godt vedlikehalden med nye vindauge og nytt kjøken. Det kjem ny omn med det fyrste.



Anbefalte tiltak:

- Tørrsteinmur må stabiliserast og jekkast opp.
- Del som står på peler kan løftast ved hjelp av vaiertaljer og brakkejekk.

Framlegg til vedtak:

Sakshandsamar lagar eit oppslag med tilbod til lokale entreprenørar som ynskjer å ta på seg arbeidet med å restaurere muren, rette opp og stabilisere hytta. Interesserte tek kontakt med fjellstyre for å få tilgang til bilete og anna naudsyn informasjon. Frist for tilbakemelding frå interesserte vert sett til 27. september.

Det er frå fjellstyre si side viktig at arbeidet vert gjort no i haust. Om ingen har meldt interesse innan 27. september er det i fyrste omgong viktig at hytta vert stabilisert før vinteren. Korleis dette vert gjort, og kven som gjer dette arbeidet får ein koma attende til etter at frist om tilbakemelding er gått ut.

Sakshandsamar sender oppslag til Håkon Småbrekke som heng dette opp på egna stadar i Røldal.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 35/19 Hytta på Midtfjellsvollen

Saksdokument:

E-post frå Svein Myrheim. Tilstand på hytta og anbefalte tiltak.

Div. bilete av hytta.

Saksutgreiing:

Myrheim var på synfaring for 5 år sidan. Det har sidan den tid ikkje vort gjort noko vedlikehald på hytta.

Myrheim si beskriving av hytta:

- Torvtaket sig ned i torvstokken. Taket er dekket med stein på gavlen for å halde platen nede. Loddbord og nokre av vindskiene er lause eller råde.
- Kledninga på nokre av veggane er slitt og råde. Hjørnebord er lause og råde på nokre hjørne. Enkelte stader ser ein inn på asfaltplater og berande konstruksjon i vegg. Vatn stokkar er lause og råde, nokre plassar nesten vekke.
- Hovuddør er øydelagt/utslite, held ikkje tett vinterdagen
- Vindauge er enkeltglas med to fag. Nokre vindauge er knuste og råde.
- Glas i kjellar er knuste og utslite. Kjellardøra har og sett sine beste dagar
- Hytta ber preg av dårleg vedlikehald dei siste åra. Det ser ein på m.a. mangel på maling og ettersyn.



- Hytta er grei innvendig, enkel standard. Det luktar ikkje fukt i kjellar.

Anbefalte tiltak:

- Taket bør takast att med byte av plast, vindskier, loddbord, og ramme før legging av ny torv. Sjekke ender på sperr som kjem ut av kasse at det ikkje er råte i enden. Det bør og monterast takrenner.
- Kledning må bytast med ny list rundt glas, dør og hjørnebord. Vindtetting på asfaltplater.
- Byte hovuddør, kjellardør og alle glas

Leiar i Røldal fjellstyre har snakka med sakshandsamar i høve arbeidet som må gjerast. Om FH tek jobben vil arbeidet være dekkja av refusjon som betyr ein låg timepris for fjellstyret. FH har teke på seg fleire nybygg og restaureringsarbeid for fjellstyra. På Midtfjellsvollen er det stort sett snikkararbeid, men og truleg noko graving og skifte av massar og ny plast på grunnmur mot nord.

Framlegg til vedtak:

Sakshandsamar tek kontakt med byggmeister Haakon Kvestad på Nå for å høyre om dei er interessert og har kapasitet til å legge nytt torvtak. Røldal fjellstyre ynskjer å nytta Fjellstyra på Hardangervidda (FH) sitt feltapparat til snikkararbeidet. Sakshandsamar sender beskriving av anbefalte tiltak på snikkararbeid til leiar i FH, Georg Gjøsten. Fjellstyre ynskjer at arbeidet med nytt torvtak tek til så snart som råd, og at FH byrjar med snikkararbeidet etter at nytt torvtak er på plass.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 36/19 Småviltjakta 2019/2020

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Saka var oppe på førre møte men utsett til neste møte. Sakshandsamar fekk i oppgåve å lage framlegg til korleis ein kan tilby småviltjaktkort gjennom jaktperioden.

Utdrag av saksutgreiing frå førre møte under.

Det er komen inn fleire meldingar om stor aktivitet med mange jegerar i terrenget i Haukeliområdet. Utfordringa er at mange jegerar (kanskje for mange) finn vegen til Røldal statsallmenning når det er fullt i jaktterrenget lenger aust. På naboterrenget i aust vert det berre seld eit lite tal dagskort, medan det i Røldal ikkje finns restriksjonar. På statsallmenningen vert det seld både dagskort, 2-dagars kort, 3-dagars kort, vekeskort og sesongkort. Jakta vert regulert gjennom bag limit (2 ryper pr. dag), men meldingar frå «lovlydige» jegerar tyder på at restriksjon



om bag limit ikkje alltid vert fylgt. For å redusere uttak av stamfugl vert det anbefalt å berre selje sesongkort etter nyttår. Prisane for småviltjakt har i mange år vor låge i Røldal statsallmenning. Det vert anbefalt å oppjustere prisane, noko som mest truleg vil redusere tal jegerar i terrenget men likevel vil halde inntektene oppe samanlikna med fjoråret.

Framlegg til vedtak:

Jaktstart: 1. oktober med jaktslutt 28. februar.

Døgnkort fom 1. oktober tom 23. desember.

Vekeskort fom 1. oktober tom 23. desember.

Sesongkort fom 1. oktober tom. 28. februar. Det er berre mogleg å nytta sesongkort fom 1. januar og ut jakta (28. februar).

Kuttar ut tilbod om 2- og 3 dagarskort.

Det vert ikkje mogleg å få kjøpt sesongkort etter 23. desember 2019

Regulering av kortprisar:

Døgnkort frå kr. 190,- til kr. 240,-. Innanbygds kr 120,-

Vekeskort frå kr. 600,- til kr. 1.000,-. Innanbygds kr. 500,-

Sesongkort frå kr. 1.200,- kr. 1.500,-. Innanbygds kr. 750,-

Vedtak:

Samrøystes

Sak 37/19 Oppheving av fredingsona på Røldal Statsallmenning**Saksdokument:**

Ingen

Referat:

Dag Sverre Ekkje ynskte at fjellstyre måtte oppheve fredingssona på Røldal fjellstyre f.o.m. fredag 13. september kl. 07.00, og ikkje f.o.m. 16. september kl. 07.00 som vart vedtatt på eit tidlegare møte. Bakgrunn for dette er at jakta på Røldal Statsallmenning til no har vore særskild dårleg, og at dei jegerane som reiser til fjells komande helg bør få moglegheita til å jakte på heile allmenningen. Ekkje ynskjer å ta opp storleiken på fredingssona og plasseringa av denne før neste års jakt.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre opphevar fredingssona på Røldal statsallmenning f.o.m. 13. september kl. 07.00.

Vedtak:

Samrøystes



Sak 38/19 Oppsett av radiomast ved Middyr

Saksdokument:

Søknad til Statskog om oppsett av radiomast
Framlegg til avtale mellom Røldal-Suldal Kraft AS og Statskog
Bilete med plassering av mast

Saksutgreiing:

Hydro Energi ynskjer sette opp ein permanent radiomast med skap på statskog sin eigedom i Odda kommune – Hordaland, forvalta av Røldal fjellstyre.

Masta skal plasserast i nær tilknytning til Hydro Energi AS sitt eksisterande anlegg i Middyr. Det er nødvendig å etablere ny kommunikasjon til Middyr kraftstasjon og reguleringsanlegg, da dagens sambandslinje ikkje lenger tilfredsstiller Hydro Energi sine krav til nødvendig overvåking og styring av anlegga.

Hydro Energi vil samtidig utvide dekningsområdet for deira radionett, noko som trygger deira ansatte ved ferdsel i området.

Omsøkt plasseringspunkt er vald ut ifrå nødvendig fri sikt til neste kommunikasjonspunkt (Fjetlandsnuten) og snøforhold. Det må og gravast ei grøft frå mast til lukehus Austre Middyrvatn.

Ein avstand på ca. 200 meter der mesteparten av grøfta vil gå langs eksisterande anleggsveg.

Mastetype: 6 meter høy gittermast med 67 cm. diameter. Skap montert inntil mast.

Jf. Fjellova § 12 om grunndisponering skal fjellstyre kunne koma med fråsegn i saka.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre har ingen motføresegner til tiltaket.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 39/19 Gratis småviltjakt til fyrstegongsjegerar

Saksutgreiing:

Norges fjellstyresamband (NFS) har og i år fått spørsmål frå NJFF om fjellstyrene ynskjer å tilby gratis småviltkort til alle som har tatt jegerprøva etter 1. januar 2019.

Mange fjellstyre gav tilbod om dette i fjor via Inatur si nyutvikla løysing som automatisk tildeler kort gratis til alle som har avlagt jegerprøven dette året, om fjellstyre har opna for dette. Det vart tilsaman gitt bort 109 kort i forrige jaktår, 5 av desse var frå Røldal fjellstyre.



Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre stiller seg positive til tiltaket, og ynskjer å vidareføre dette komande jaktår.

Vedtak:

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 18.11.19 klokka 18.00 -21.00
Stad: Biblioteket

Til stades på møte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Dag Sverre Ekkje, Randi Legård

Forfall: Anne Marie G. Rabba

Andre til stades på møte: Harald Normann Andersen, sekretær

Saker til styremøtet

- Sak 40/19: Referat og meldingar
- Sak 41/19: Hytta på Midtfjellsvollen
- Sak 42/19: Info frå villreinjakta, statistikk, evaluering og erfaringar
- Sak 43/19: Info – fiske og småvilt, jaktstatistikk pr. 5.nov
- Sak 44/19: Drøfting rundt fellesfiskekortet
- Sak 45/19: Villreinkortprisar – fjellstyra
- Sak 46/19: Økonomi FH - status

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Randi Legård/s/

Sak 40/19 Referat og meldingar

2019.10.23-433.1.Revarding av T-ruter på Hardangervidda

2019.10.25-612.3.Invitasjon til haustmøte på Hardangervidda

2019.10.30-411.0.Invitasjon og program for fellesmøte for forvaltninga av Hardangervidda NP og tilliggande LVO

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Sak 41/19 Hytta på Midtfjellsvollen

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Fjellstyre hadde saka opp få førre fjellstyremøte. Der vart det vedtatt at sakshandsamar tok kontakt med byggmeister Haakon Kvestad på Nå for å høyre om dei var interessert og hadde kapasitet til å legge nytt torvtak. Røldal fjellstyre ynskte å nytta Fjellstyra på Hardangervidda (FH) sitt feltapparat til snikkararbeidet. Sakshandsamar sendte beskriving av anbefalte tiltak på snikkararbeid til leiar i FH, Georg Gjosten. Fjellstyre ynskte at arbeidet med nytt torvtak skulle ta til så snart som råd, og at FH byrja med snikkararbeidet etter at nytt torvtak var på plass .Fjellstyre fekk raskt tilbakemelding frå Haakon Kvestad AS om at dei diverre var veldig opptekne ut året, og difor ikkje hadde kapasitet for dette arbeidet i haust.

I ettertid har det vore dialog mellom Røldal fjellstyre og FH der FH er interessert til å ta på seg heile arbeidet med å restaurere hytta så snart tilhøva tillet det til våren. Det har og vore diskutert om av eksisterande torvtak vert fjerna og erstatta med ståltak.

Referat:

Leiar informerte om at glas og dører som vart tinga tidlegare i haust no er komen og satt innomhus på Midtfjellsvollen. Det var semje i styret om at FH får tilbod om å utføre restaureringsarbeidet på hytta, og det er ynskjeleg at eksisterande torvtak vert erstatta med ståltak. Det var og semje om at kostnadene med restaureringa måtte fordelast mellom fjellstyre og leietakar, Jens Andreas Markhus med ein fordelingsnykkel på 50/50. Leiar refererte til kontrakt mellom Røldal fjellstyre og leietakar der det kjem fram i punkt 8 at: «leietakar har ansvar for ettersyn og vedlikehald av stølshusa i leigeperioden», noko som har vore forsømt i lengre tid. Vidare står det at: «leietakar kostar vedlikehald sjølve».



Framlegg til vedtak:

Anbefaling frå styret om at FH får tilbod om å restaurere heile hytta med endringa som er framlagt i referatet. Sakshandsamar sender skriv til FH der dei tilbyr Hardangervidda fjelloppsyn as arbeidet med restaureringa av Midtfjellsvollen. Det er avgjerande at arbeidet vert utført i mai-juni da hytta må være ferdigstilt til leigetakar kjem med dyra i byrjinga av juli månad.

Sakshandsamar sender skriv til leigetakar der Røldal fjellstyre kjem med framlegg om ei 50/50 fordeling av kostnadane med restaureringa av Midtfjellsvollen.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 42/19 Info frå villreinjakta, statistikk, evaluering og erfaringar**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Villreinjakta på Hardangervidda starta i år 10 august, 10 dagar tidlegare enn normalt, og vart avslutta 22. september.

Hardangervidda villreinutval og Villreinnemnda for Hardangerviddaområde søkte Miljødirektoratet om endring av startdato og sluttdato for jakt i Hardangervidda villreinområde hausten 2019.

Nemnd og utvalg søkte samtidig Miljødirektoratet om dispensasjon for å tildele fellingsløyve på kun "vaksen bukk" (hanndyr 2,5 år eller eldre).

Søknadene kom som fylje av at nemnd og utvalg ynskte å innrette årets villreinjakt for å sikre tilstrekkelig prøvetilfang fra Hardangervidda for testing og friskmelding for skrantesjuke. Kvota vart sett til 6000 vaksen bukk. Villreinutvalet viste til at det ved normale kvoter av denne storleiken felles dyr på 20-30 % av fellingsløyva. Med ei kvote på 6000 ville dette tilsvare 1200-1800 felte dyr. Etter avslutta jakt viste det seg at det vart felt om lag 1200 bukk.

Referat:

Leiar informerte om villreinjakta på Røldal statsallmenning. Av 247 fellingsløyve vart det totalt felt 36 dyr med ein fellingsprosent på 14,57. Det vart felt eit dyr på syd. Tidleg i jakta vart det observert bukkeflokkar på opp mot 300-400 dyr langt aust. Oppsynet registrert mykje bukk i flokkane nord for Kvenna, mens det syd for vassdraget var særskild lite stor bukk i flokkane. Det vart og nemnd problem med fotråde på mange av dyra, og at kalvane var spesielt utsett. Mange av desse dyra vart skutt av oppsyn og jegerar. Nokre vart kjøpt på kontrakt medan fleire vart liggjande att i fjellet. Dei fleste bukkane som vart felt med fotråde vart skorne på løyve. Samjaktavtala som Røldal hadde med Ullensvang fjellstyre gjorde at jegerar med Røldalkort på slutten av jakta fekk felt ein del dyr på Ullensvang statsallmenning. Utan denne avtala ville fellingsprosenten ha vore særskild låg. Fjellstyre er positive til slike avtalar i framtida.



Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tor orienteringa til vitande

Sak 43/19 Info – sal fiske og småvilt, jaktstatistikk pr. 5. nov**Saksdokument:**

Div. statistikk

Saksutgreiing:

Det vart på sist møte vedtatt å regulere kortsalet gjennom Inatur for å redusere store aktiviteten med mange jegerar i Haukeliområdet. For å redusere uttak av stamfugl vart det vedtatt at berre dei som kjøper sesongkort før 23. desember har moglegheit til å jakte etter nyttår og ut jakta.

For å kompensere for færre selde jaktkort og reduserte inntekter vart det vedtatt å auke prisane i 2019/2020 sesongen. Dette var u dramatisk da småviltkorta i mange år har vore låge i Røldal statsallmenning.

Sakshandsamar har laga ei oversikt som syner statistikk for sal av fiske- og jaktkort i allmenningen samt eit samandrag over jaktstatistikk pr. 05. november.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom statistikk for seld fiske og småviltkort samt jaktstatistikk for småvilt t.o.m. 5. november:

Statistikk div. sal – oversikt pr. 05.11.19**Småvilt**

	Utanb.(2019)	Innanb. (2019)	Utanb. (18/19)	Innanb. (18/19)
Dagskort	171	0	96	0
2-døgnskort	1	0	61	0
3-døgnskort	2	0	11	0
Vekeskort	8	0	3	0
Sesongkort	23	9	25	11

Omsetning småvilt:

2019: 90.920,-

2018: 73.870,-



Fellingsstatistikk rapportert:

	Fjellrype	Lirype	Hare	Ravn	Raudrev
2019/2020 pr. 05.11	83	5	0	0	
2018/2019:	288	26	0	0	2

Tal jaktdagar:

	2019/2020	2018/2019
Totalt	165	443
Med fangst	61	168
Utan fangst	104	275

Stongfiske

	2019	2018
Dagskort	114	91
3 dagars	16	23
Veke	8	10
Sesong	7	4
Garnkort	33	39

Omsetning stongfiske:

2019: 23.900,- + fellesfiskekortet

2018: 21.150,- + fellesfiskekortet

Omsetning garnkort:

2019: 13.200,-

2018: 15.600,-

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande



Sak 44/19 Drøfting rundt fellesfiskekortet

Saksdokument:

Utgreiing/drøftingsdokument – fordeling av inntekter frå fellesfiskekortet

Saksutgreiing:

Det blei teke initiativ til å endre på fordelingsnøkkelen for overskotet frå fellesfiskekortet for eit par år sidan. Røldal fjellstyre, Ulvik fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning ynskjer å endre fordelinga til å spegle vassarealet på statsallmenningane. Eidfjord fjellstyre har kome med framlegg om ei fordeling der 60% blir fordelt etter den gamle fordelingsnøkkelen, 20% blir fordelt etter vassareal, og 20% blir nytta direkte til marknadsføringstiltak. Dei fire fjellstyra kom ikkje til semje om ei ny fordeling.

Før 2019-sesongen var det semje om å sjå an kva fangstrapporteringa for denne sesongen viser før ein tok opp att diskusjonen. Fangstrapporteringa er lagt opp slik at ein skal rapportere kvar for ein statsallmenning ein har fiska i.

Det er seld 391 fiskekort i 2019. Per 28.10.2019 har det kome inn fangstrapport på 343 av desse korta (87,7%). Resultatet av fangstrapporteringa er vist i tabell 1. Resultatet viser at så mange som 141 av 154 (91,6%) rapporterer at dei berre har fiska i ein statsallmenning. Fordelinga mellom dei fire statsallmenningane er som fylgjer: Eidfjord 49,4%, Ullensvang 35,4%, Røldal 8,8% og Ulvik 6,5%.

Det er nokre moment ved denne fangstrapporteringa ein må merke seg:

- Det blir ikkje registrert kor ein har fiska når ein *ikkje* har fått fisk. Dersom ein rapporterer 0 i fangst så er rapportsystemet til Inatur slik at ein då ikkje kan rapportere kva for ein statsallmenning ein har fiska i.
- Det er usikkert om fiskarane rapporterer inn all fangst. Det er nærliggjande å tenkje at mange rapporterer for ein dag, men droppar å registrere fangst for resten av turen. Dette blir sjølv sagt berre spekulering, og det er uansett usikkert korleis dette slår ut på statistikken.

Tabell 1. Resultat frå fangstatistikken for fellesfiskekortet. Tabellen viser kor mange fiskarar som har rapportert fangst i kvar av dei moglege kombinasjonane. For kvar kombinasjon er andelen av totalen fordelt på statsallmenningane det er fiska på (Døme: eit kort som er nytta på tre statsallmenningar gir 33,33% på kvar av statsallmenningane). Kor stor andel av fiskekorta som er nytta på kvar statsallmenning er vist nedst.

	Tal fiskarar som har rapportert fangst	Eidfjord	Røldal	Ullensvang	Ulvik	SUM
Eidfjord, Røldal, Ullensvang, Ulvik	0	0	0	0	0	0
Eidfjord, Røldal, Ullensvang	0	0	0	0		0
Eidfjord, Røldal	1	0,003247	0,003247			0,006493506
Eidfjord, Ullensvang, Ulvik	0	0		0	0	0
Eidfjord, Ullensvang	6	0,019481		0,019481		0,038961039
Eidfjord, Ulvik	1	0,003247			0,003247	0,006493506
Eidfjord	72	0,467532				0,467532468
Røldal, Ullensvang, Ulvik	0		0	0	0	0

Røldal, Ullensvang	4		0,012987	0,012987		0,025974026
Røldal, Ulvik	0		0		0	0
Røldal	11		0,071429			0,071428571
Ullensvang, Ulvik	1			0,003247	0,003247	0,006493506
Ullensvang	49			0,318182		0,318181818
Ulvik	9				0,058442	0,058441558
Eidfjord, Røldal, Ulvik	0	0	0		0	0
	154	49,35 %	8,77 %	35,39 %	6,49 %	1

Dersom fangststatistikken speglar kor fiskekorta blir nytta, tyder det på at dei fleste kunne ha kjøpt fiskekort på ein av statsallmenningane i staden for å kjøpe fellesfiskekortet. Det er usikkert kvifor så mange ser ut til å berre fiske på ein statsallmenning. Moglege årsaker til dette kan vere:

1. Det blir kjøpt fiskekort for fleire statsallmenningar i tilfelle ein kjem til å fiske over eit større område.
2. Fangstrapporteringa er feil – det blir fiska i fleire statsallmenningar, men fiskarane bryr seg ikkje med å rapportere all fangst.
3. Fiskarane finn ikkje fram til fiskekortet for den statsallmenningen dei planlegg å fiske i, og kjøper fellesfiskekortet fordi det er dette fiskekortet dei finn på Inatur.

Tabellen under viser gamal fordelingsnøkkel, fordeling etter vassareal, Eidfjord sitt forslag, og fordeling etter resultat av fangstrapportane for 2019.

	Gamal fordelingsnøkkel	Vassareal	Forslag Eidfjord (60% grunnlag gamal fordelingsnøkkel, 20% grunnlag vassareal)*	Resultat av fangstrapportar 2019
Eidfjord	70,4 %	32,7 %	61,0 %	49,4 %
Ulvik	8,4 %	17,1 %	10,6 %	6,5 %
Ullensvang	16,6 %	36,4 %	21,6 %	35,4 %
Røldal	4,6 %	13,8 %	6,9 %	8,8 %
SUM	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

* I tillegg kjem 20% som skal nyttast direkte til marknadsføring.

Det er på høg tid at dei fire fjellstyra blir samde om ei ny fordeling av overskotet av fellesfiskekortet. Sakshandsamar tilrår at dette blir diskutert i alle fjellstyra på fyrstkommande styremøte, og at ein prøver å kome fram til semje om ei ny fordeling. Det kan med fordel drøftast mellom fjellstyra i samband med haustmøtet i Eidfjord 22. – 23. november.

Sakshandsamar tilrår at fjellstyra blir einige om ei fordeling som speglar den faktiske bruken av kortet i større grad enn dagens fordelingsnøkkel. Resultatet av fangstrapporteringa i 2019 er som nemnt over ikkje ein fasit for korleis korta blir brukt. Det kan endre seg frå år til år, og det kan vere feil i rapporteringa.

Men det er ein peikepinn på den faktiske bruken av korta. Ei løysing for å jamne ut eventuelle feil er at ein viss prosent blir delt likt mellom fjellstyra, medan resten blir fordelt etter resultatet av fangstrapporteringa. Dette vil føre til at delen til dei største (Eidfjord og Ullensvang) blir litt mindre, og delen til dei minste (Røldal og Ulvik) blir litt større. Ei fordeling med 2,5% i botn til kvart fjellstyre, og resten etter resultatet av fangstrapporteringa, gir fyljande endring i fordelinga:

	Resultat fangstrapportar 2019	Resultat av fangstrapportar 2019 med 2,5 % i botn til kvart fjellstyre
Eidfjord	49,4 %	46,9 %
Ulvik	6,5 %	8,3 %
Ullensvang	35,4 %	34,4 %
Røldal	8,8 %	10,4 %
	100,0 %	100,0 %

Referat:

Styret kan vanskeleg sjå at Eidfjord fjellstyre skal ha meir enn 50 % av inntektene frå fellesfiskekortet. Vel ein å kjøpe eit fellesfiskekort er det på bakgrunn for at ein ynskjer å ha moglegheit til å fiske i fleire allmenningar. Det vert lagt opp til ei drøfting av fordelinga av inntektene for dei fjellstyra det gjeld etter styremøte i FH i Eidfjord 22.11.19.

Framlegg til vedtak:

Representant frå Røldal fjellstyre stiller på drøftingsmøte i Eidfjord for å prøve å koma til semje når det gjeld fordeling av inntektene på fellesfiskekortet.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 45/19 Villreinkortprisar - fjellstyra

Saksdokument:

Villreinkortprisar – fjellstyra i Noreg

Saksutgreiing:

Oversikta over villreinkortprisane i dei ulike fjellstyra synar at det er store nivåforskjellar, og Fjellstyra på Hardangervidda har jamt over dei lågaste prisane.



Gjennomsnittsprisen for innanbygdsbuande på h.h.v. bukkkort, simlekort og kalvekort er kr. 3690/2190/986. For Fjellstyra på Hardangervidda var gjennomsnittsprisen i 2018 kr. 1900/1171/550.

Her er eit døme på kva felles auke i kortprisar på Hardangervidda vil gje av meirinntekter.

Føresetnader:

- Kvote på 6000 løyve der fjellstyra får 2500 løyve.
- 90 % av løyva vert seld.
- 10 % av løyva vert seld til utanbygdsbuande til dobbel pris.
- Prispåslag for innanbygdsbuande på kr. 150,- og kr. 300,- for utanbygdsbuande.

Dette vil gje ei meirinntekt for fjellstyra på kr. 371.000,-.

Referat:

Bakgrunn for at saka om å auke villreinprisane er komen opp er m.a. for å styrke økonomien hjå fjellstyra. Fjellstyra må i framtida ta meir ansvar ved å auke tenestekjøpet. Auka lønnsnivå og kostnader ved innkjøp av driftsmidler aukar, nye dataløysningar, bortfall av sal av tenester til eksterne oppdragsgjeverar er andre moment som har betyning for drifta i selskapet.

Røldal fjellstyre ser dei økonomiske utfordringane i selskapet men meiner at villreinprisane bør ligge på dagens nivå. Argument for dette er at kostnadene med reinsjakta allereie i dag er høge når ein tenker kva fyljer med jakta (oppskyting, villreinløyve, helikoptertransport m.m.). Rekruttering av nye villreinjegerar er borti mot fråverande, og med høgare villreinkortprisar fryktar styret at ein vil sjå enda færre unge villreinjegerar i fjellet.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre ynskjer å halde villreinkortprisane på dagens nivå.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 46/19 Økonomi FH - status

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

FH står ovanfor økonomiske utfordringar dei komande åra. Det er viktig at fjellstyra som er aksjonærar i selskaper er kjent med denne situasjonen.



Referat:

Leiar refererte i korte trekk punkt som skuldast denne utviklinga:

- Auka lønsnivå og kostnader ved innkjøp av driftsmidler
- Innkjøp og drift av nødnettterminalar
- Nye dataløysningar
- Bortfall av sal av tenester til eksterne oppdragsgjeverar
- Tenestesalet til SNO har same kronebeløp år for år. Vert i praksis redusert utan kompensasjon for løns- og kostnadsvekst
- Ingen auke i refusjonsmidlar via Statskog
- Mål om å gje tilsette fulle stillingar for å behalde tilsette med god kompetane.

Saka vert handsama på styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda 22.11.19

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

